

## KOMMISJONSFORORDNING (EF, Euratom) nr. 116/2005

2008/EØS/23/12

av 26. januar 2005

**om handsaminga av meirverdiavgift som vert tilbakebetalt til ikkje-avgiftspliktige og til avgiftspliktige for verksemd som er friteken for avgiftsplikt, for føremåla med rådsforordning (EF, Euratom) nr. 1287/2003 om harmonisering av bruttonasjonalinntekta etter marknadsprisar(\*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske atomenergifellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EF, Euratom) nr. 1287/2003 av 15. juli 2003 om harmonisering av bruttonasjonalinntekta etter marknadsprisar (BNI-forordninga)<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 5 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I artikkel 2 nr. 7 i rådsbeslutning 2000/597/EF, Euratom av 29. september 2000 om ordningen med Fellesskapets egne midler<sup>(2)</sup> er det fastsett at bruttonasjonalproduktet etter marknadsprisar (BNP) skal forståast som bruttonasjonalinntekta etter marknadsprisar (BNI) slik det er fastsett av Kommisjonen i medhald av det europeiske nasjonalrekneskapssystemet (ENS). ENS 95, som avløyste dei to tidlegare systema frå høvesvis 1970 og 1979, vart innført ved rådsforordning (EF) nr. 2223/96 av 25. juni 1996 om det europeiske nasjonal- og regionalregnskapssystem i Fellesskapet<sup>(3)</sup>, og var oppført i vedlegget til den nemnde forordninga. BNI, slik ho vart nytta i ESA 95, avløyste BNP som kriterium for eigne midlar med verknad frå budsjettåret 2002.
- 2) I rådsforordning (EF, Euratom) nr. 1287/2003 er det fastsett framgangsmåtar for korleis medlemsstatane skal sende inn BNI-data og framgangsmåtar for og kontroll av utrekning av BNI, og BNI-utvalet vert skipa.
- 3) I ENS 95 er det ikkje gjort uttrykklege greie for korleis meirverdiavgift skal tilbakebetalast til ikkje-avgiftspliktige og til avgiftspliktige for verksemd som er friteken for avgiftsplikt.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 24 av 27.1.2005, s. 6, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 85/2005 av 10. juni 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 52 av 13.10.2005, s. 11.

<sup>(1)</sup> TEU L 181 av 19.7.2003, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEF L 253 av 7.10.2000, s. 42.

<sup>(3)</sup> TEF L 310 av 30.11.1996, s. 1. Forordninga sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1267/2003 (TEU L 180 av 18.7.2003, s. 1).

- 4) For å kunne definere bruttonasjonalinntekt etter marknadsprisar (BNI) i medhald av artikkel 1 i forordning (EF, Euratom) nr. 1287/2003 er det naudsynt å presisere korleis tilbakebetalinga av meirverdiavgift til ikkje-avgiftspliktige og til avgiftspliktige for verksemd som er friteken for avgiftsplikt, skal handsamast.
- 5) I sjette rådsdirektiv 77/388/EØF av 17. mai 1977 om harmonisering av medlemsstatenes lovgivning med hensyn til omsetningsavgift - Felles merverdiavgiftssystem: ensartet avgiftsgrunnlag<sup>(4)</sup> er omgrepa «avgiftspliktig», «ikkje-avgiftspliktig» og «verksemd som er friteken for avgiftsplikt» definerte.
- 6) For gjennomføringa av rådsdirektiv 89/130/EØF, Euratom av 13. februar 1989 om harmonisering av bruttonasjonalinntekt etter marknadsprisar<sup>(5)</sup> presiserer kommisjonsvedtak 1999/622/EF, Euratom av 8. september 1999<sup>(6)</sup> korleis tilbakebetalinga av meirverdiavgift til ikkje-avgiftspliktige einingar og til avgiftspliktige einingar for verksemd som er friteken for avgiftsplikt, skal handsamast. Ei tilsvarande presisering bør no innførast med omsyn til BNI.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegnen frå BNI-utvalet —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1*

1. Ved utrekning av nasjonalrekneskapsaggregat i medhald av forordning (EF, Euratom) nr. 1287/2003 skal meirverdiavgift på innkjøp som skal tilbakebetalast til ikkje-avgiftspliktige eller til avgiftspliktige for verksemd som er friteken for avgiftsplikt, handsamast i ENS 95 som andre jamlege overføringar (D7) eller kapitaloverføringar (D9), og ikkje som frådragsgodkjend meirverdiavgift.

<sup>(4)</sup> TEF L 145 av 13.6.1977, s. 1. Direktivet sist endra ved direktiv 2004/66/EF (TEU L 168 av 1.5.2004, s. 35).

<sup>(5)</sup> TEF L 49 av 21.2.1989, s. 26. Direktivet endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

<sup>(6)</sup> TEF L 245 av 17.9.1999, s. 11.

2. I nr. 1 skal uttrykket «avgiftspliktig» ha den tydinga som er fastsett i artikkel 4 i sjette direktiv 77/388/EØF, Euratom, og omgrepet «verksemd som er fritaken for avgiftsplikt» skal forståast som dei typane verksemd som er førde opp i artikkel 13 i det nemnde direktivet.

*Artikkel 2*

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 26. januar 2005.

*For Kommissjonen*

Joaquín ALMUNIA

*Medlem av Kommissjonen*

---